

Kjekt å tromma med Sindre

08.03.2012



Tørres og Jostein trommar med Sindre

**Kvar torsdag går trommestikkane livleg i utstyrssrommet til skulemusikken i Aktivitetshuset. 3 unge trommissar er elevar av han som allereie for fleire år sidan vart utropt som svært lovande -- Sindre Aksnes. som no er 16.**

**Tørres Lekva Myklebust (8), Jostein Soldal (9)**  
og Vidar Kildal Eidsvik (8) synest det er svært så kjekt å tromma med Sindre og Sindre er audmjuk nok til å seiaa at også han lærer mykje av den aller første lærarjobben sin.

Og alle bør vere glade for at ei trommegruppe er på beina att i skulemusikken der Sindre har vore åleine trommis ei god stund.

Aspirantopplæringa som no er igang starta for 3 torsdagar sidan og leiinga i korpset er lykkelege over Sindres engasjement som pedagog.

Han har nok å pusle med uansett som trommeslagar i Brazzooka, Musikklaget og skulemusikken og det er nok av oppdrag framover, ikkje minst i det første bandet som framleis har kraftig vind i segla.  
Eit anna oppdrag han fekk her om dagen var å spela i ein revy på Dahlheim i slutten av mars..og fleire jobbar kjem etter kvart.

TEKST OG FOTO: Ola Matti Mathisen